



# Masfjorden kommune

DRIFTSAVDELINGA

Teknisk, miljø og landbruk

Regionrådet for Nordhordland og Gulen  
Postboks 13  
N-5902 ISDALSTØ

Masfjordnes, 27.09.2005

Saksnr.  
02/00142

Arkivkode  
566

Avd/Sek/Saksh.  
DRF/TML/AKR

## MELDING OM VEDTAK

### PLAN FOR INNFORING AV OFFISELLE ADRESSER FOR OMRÅDET FRÅNORDHORDLANDSBRUA TIL SOGNEFJORDEN - VEGNAMN - ADRESSEPROSJEKTET

Kommunestyret handsama i møte 22.09.2005, som sak 0037/05. Det vart gjort slikt

#### **Vedtak frå Kommunestyret, den 22.09.2005: (samrøystes)**

- **Masfjorden kommune sluttar seg til tilrådinga frå Regionrådet når det gjeld endring i vedteken adresseplan for Masfjorden kommune.**

**Veg 40 blir delt i to parsellar slik at dei to avkøyringane frå E 39 til Krossleitet, den eine frå Masfjorden, den andre frå Gulen, får kvar sine namn.**

- **Masfjorden kommune vedtek vegnamna tilrådd i vedlegg 1 med desse endringane:**
  - **Veg nr 2 skal heita: Skoltavegen**
  - **Veg nr 4 skal heita: Åbakken**
  - **Veg nr 17 skal heita: Ynnesdalsvegen**
  - **Veg nr 21 skal heita; Strandevegen**
  - **Veg nr 32 skal heita: Matre**
  - **Veg nr 36 skal heita: Bjørn West vegen**
  - **Veg nr 39 skal heita: Solheimslia**

**Der det er oppført fleire alternativ er det det namnet som er utheva som vert vedteke.**



# Masfjorden kommune

DRIFTSAVDELINGA

Teknisk, miljø og landbruk

- **Masfjorden kommune sluttar seg til tilrådinga frå Regionrådet når det gjeld seinare fastsetting av anna offisiell skriftform for namnet som er grunnlag for eit vedteke adressenamn.**

**Rådmannen må følgje opp dette namnevedtaket med retting av adressenamn i kart, register og skilt og med skriftleg orientering til adressehavarane og det organet i kommunen som vedtek adressenamna.**

- **Masfjorden kommune sluttar seg til tilrådinga får Regionrådet når det gjeld ny namnsetting av adresseparsellar etter at prosjektet er avslutta.**

**Kommunestyret tek avgjerd i adressenamnsakene. Som ledd i saksførebuinga, skal rådmannen i tillegg til det som er nemnd i adresseforskrifta § 4 nr 7, innhenta uttale frå dei andre 7 kommunane og avklara mogelege prioiteringsmotsetnader i det høve før saka vert lagt fram.**

Med helsing

Anne Kristin Rafoss  
driftssjef